



Styremøte Bø museum

Dag: torsdag 14. desember 2023

Tid: kl.18.00

Stad: Polen

Til stades: Kristin Kleppen, Olav Finstad, Jørn Berget, Ingrid Smedstad, Kari Lønnestad

Frå drift: Bergit Li

Forfall: Kari Rast Monge, Ellen Schrupf (vara)

Sakliste

Sak 77/23 Godkjenning av innkalling og sakliste
Innkalling og sakliste godkjent

Sak 78/23 Datering av stokkebåten

I ein epost 30. november orienterte Jørn styret om at fylkeskommunen er villig til å finansiere eit prosjekt om datering av stokkebåtar. Båten vår kan kome med i dette prosjektet, og Jørn kan ta prøver av den mot godtgjersle. Fylkeskommunen har nokre midlar til formålet nå før oppløysinga, så dette må skje raskt, og det blei derfor gjort eit styrevedtak på epost som støtta denne framgangsmåten. Prøvene vil bli tatt i romjula.

Det er aktuelt å få datert stokkebåten ved hjelp av dendrokronologi. Initiativet har kome frå fylkeskommunen, og det er også to andre stokkebåtar i Telemark som skal daterast. Arkeolog Pål Nymoene skal skrive ein artikkel om saka. Vi kan sende ei oppmoding om utbetaling til fylkeskommunen, og det bør gjerast snarast. Bergit ordnar det. Dette er ei sak som vi bør prøve å få ut i Bø blad.

Sak 79/23 Erfaring frå julemessa

Bergit orienterte. Julemessa er vel gjennomført, og det har vore oppsummeringsmøte. Aktuelt med nokre aktivitetar for born neste år. Betre fordeling av ansvar, arbeidsgrupper for kvart felt, og arbeidet med julemessa må starte opp etter påske, slik at ein får betre tid til planlegging. Godt besøk og viktige inntekter, i tillegg er det verdfullt at så mange er engasjert i samband med dette arrangementet.

Sak 80/23 Møteplan

Neste styremøte: Torsdag 25. januar

Årsmøte: Torsdag 21. mars

Sak 81/23 Årsmøte Telemarkfestivalen søndag 28 januar

Bergit stiller

Sak 82/23 Museumsnettverket SOGA

Kristin og Bergit har deltatt på digitalt stiftingsmøte i museumsnettverket. Leiaren der, Hans Magne Gautefald, har hatt ein del kontakt med fylkeskommunen, og det er interessant for oss å få vite korleis fylkeskommunen vurderer nettverket. Vi inviterer Tore Bjørn Pettersen til første styremøte over jul for litt meir informasjon, som grunnlag for å ta stilling til vår deltaking. Kristin tar kontakt med Christine Hermansen i fylkeskommunen over jul.

Sak 83/23 Samlingsforvaltning

Finn Rønning har nå munnleg til Kristin sagt frå seg ansvaret for samlingsforvaltninga. Han har tidlegare meldt det same skriftleg, men har likevel fungert i rolla fram til nå. Saka om tilsetning av dagleg leiar er ikkje avklart, kommunen har ikkje midlar og er ikkje villig til å fungere som arbeidsgjevar. Spørsmålet om bruk av museets oppsparte midlar må derfor opp til vurdering att. Dette blir sak på neste styremøte.

Vedtak: Styret tar Finns melding til etterretning. Styret fungerer midlertidig som samlingsansvarleg, fram til vi finn ei meir varig løysing.

Sak 84/23 Orienteringssak

Valnemnd: Oddbjørg Nevestveit, som tidlegare sa frå seg vervet i valnemnda, er nå likevel villig til å delta.

Ref. Kari